

NR. 1 -FEBRUAR 2026

MASFJORDINGEN



Masfjorden sokn gjev ut meldingsbladet
i samarbeid med Masfjorden kommune



M
A
S
F
J
O
R
D
I
N
G
E
N



GUDSTENESTER

18.februar

Sandnes kyrkje kl.19:00
SONGKVELD ved Knarvik Gospel, dirigent Eli Eidsnes
Korsong, allsong, kveldsmat
Takkoffer til Kirkens SOS

22.februar

Frøyset kyrkje kl.11:00
Gudsteneste med dåp
v/prest Knut Fr. Sørheim og organist Lyder Jansøy
Nattverd. Takkoffer til Kirkens SOS. Kyrjekaffi.

08. mars

Sandnes kyrkje kl.11:00
Supersøndag. Familie gudsteneste,
«Tårnagentane» deltek
v/prest Bjørn Dalsgård Nygård og
organist Boris Kuprijanov
Takkoffer til Rådet for psykisk helse. Kyrjekaffi.

15. mars

Frøyset kyrkje kl.11:00
Gudsteneste v/prest Bjørn Dalsgård Nygård
og organist Boris Kuprijanov.
Nattverd. Takkoffer til Rådet for psykisk helse.
Kyrjekaffi.

22. mars

Solheim kyrkje kl.11:00
Gudsteneste v/prest Bjørn Dalsgård Nygård
og organist Boris Kuprijanov
Nattverd. Takkoffer til Rådet for psykisk helse.
Kyrjekaffi

Det kan koma endringar.

*Oppdatert informasjon om gudstenestene i
Masfjorden finn du i kalenderen på nettsida vår:
www.masfjorden.kyrkja.no*



KYRKJELEGE HENDINGAR

DØYPTE:

07.12.2025 Frida Aileen Ritchie Christiansen

Granneheimen kapell

Foreldre:

Birgitte Christiansen og James Arild Ritchie Henriksen

18.01.2026 Olai Dingen Eide

Frøyset kyrkje

Foreldre:

Sunniva Asheim Eide og Kevin Dingen Johansen

18.01.2026 Malvin Eikemo

Frøyset kyrkje

Foreldre: Sygni Molland og Torstein Eikemo

18.01.2026 Samuel Birkeland Torsvik

Frøyset kyrkje

Foreldre: Tonje Birkeland og Joakim Torsvik

25.01.2026 Amalie Mjanger-Steinde

Sandnes kyrkje

Foreldre: Ragne Steinde og Sveinung Tveit Mjanger

*Saman med kyrkjelyden vår og heile kyrkja har
foreldre og fadrar fått del i eit heilagt ansvar:
Å visa omsorg for borna, be for dei, læra dei sjølve
å be og hjelpa dei til å bruka Guds ord og delta i den
heilage nattverden, så dei kan leva og veksa i den
kristne trua.*

DØDSFALL:

27.11.2025 Kari Molland, f. 1939

07.01.2026 Borghild Kvinge, f. 1924

09.01.2026 Solfrid Kvamsdal, f. 1950

16.01.2026 Gudrun Johanne Frøyseth, f. 1931

25.01.2026 Marit Laila Andvik, f. 1958

*Jesus seier: Eg er oppstoda og livet. Den som trur på
meg, skal leva om han så døyr. Og kvar den som trur
på meg, skal i all æva ikkje døy.*

Foto framside: Frank Kvinge/Helen Andvik (nede t.v.)

TÅRNAGENTHELG

Bli med på å utforska klokketårn, symbol, skattar og bibelforteljingar i kyrkja!

Tårnagentane i Masfjorden er på plass att 7. og 8.mars, denne gongen i Sandnes kyrkje.

Alle «agentar» som er eller vert 7, 8 eller 9 år i 2026 er velkomen på skattejakt i kyrkja der ulike oppgåver og mysterium skal løysast. Dette blir både spanande og kjekt.

Samlingane for tårnagentane er
lørdag 7.mars kl. 11:45-15:15 og
søndag 8.mars kl. 10.10-13:00.

Søndag kl.11 er det Supersøndag med familiegudsteneste der tårnagentane deltek. Og etterpå blir det kyrkjekaffi.

Det vert sendt ut invitasjon til døypte barn i aktuell alder. Alle er velkomen, så om du ikkje får brev er det berre å ta kontakt.

Følg og med på heimesida vår; **masfjorden.kyrkja.no** eller facebookside; **Kyrkja i Masfjorden.**

Det vert lagt ut elektronisk påmelding når det nærmar seg.

For å gjennomføre dette arrangementet treng me hjelp frå foreldre/andre vaksne, så ta kontakt med kyrkjekontoret (tlf./e-post står på baksida av bladet).

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje



ANDAFTAR VÅREN 2026 på Masfjorden sjukeheim

Kl. 12.00: Andakt på Arbeidsstova

Kl. 12.30: Songstund på Nystova



Følgjande torsdagar:

22. januar	16.april
12. februar	28.mai
5.mars	11.juni
19. mars	

Skjærtorsdag 2. april: **Påskegudsteneste kl. 16:00**
m/nattverd

Lørdag 17. mai: **17.mai-gudsteneste kl. 15.30**



For spørsmål, avtale om nattverd eller samtale på rommet, ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 56 16 62 61



DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden sokn

LEDIG STILLING

SOM KYRKJETENAR VED SOLHEIM KYRKJE

Er DU den me leitar etter?

- Du er ryddig, ansvarleg og praktisk
- Du kan halde kyrkja rein og ryddig
- Du vil arbeide før/under/etter gudstenestene, ca 1 i månaden.
- Me tilbyr timelønn etter KA sin tariff og tillegg for arbeid på søndag/helgedag

**MEIR INFORMASJON OM STILLINGA
FINN DU PÅ:
WWW.MASFJORDEN.KYRKJA.NO**

eller kontakt kyrkjevevje
Eli Eidsnes, tlf. 906 13 515



DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden sokn



Barnas

Fargelegg!

Samuel var ein gut på ca. 6 år som vakna av at Gud snakka til han! Fargelegg bildet av Samuel som vaknar i senga si.



Teikning: Chiara Bertelli

Gate:

Veit du kva som går opp når den går ned? Glidelåsen!

Finn 10 gutenamn

I rutenettet gøymmer det seg 10 gutenamn. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?


Y	J	M	Q	X	R	X	E	E	E
O	E	O	E	H	U	T	G	H	O
R	I	R	D	A	B	Z	I	A	K
U	S	T	O	V	E	P	L	S	R
M	A	E	Z	O	N	U	F	L	I
G	K	N	Q	F	U	O	I	A	S
R	N	O	A	H	Y	L	L	K	T
K	Å	R	E	U	Q	A	L	Y	I
G	D	H	G	K	K	V	I	X	A
G	U	W	G	Q	X	Z	P	W	N

Finn 5 feil

Samuel hørde mange ting frå Gud. Då Samuel blei vaksen fortalde Gud han kven som skulle bli konge. Kan du finne fem feil på bildet under?



Teikning: Kari Sortland




Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 08 71 00

Vits:

Hvis du kallar meg liten éin gong til, så hoppar eg opp og bit deg i kneskåla!



Søndagsskolen – mer enn du tror



JULEVANDRING I BARNEHAGANE



Ellen Fotland Andvik fekk spørsmål frå kyrkjekontoret om ho kunne ta seg av julevandringa i barnehagane 9., 10. og 11. desember. Torbjørn prest og trusopp-lærar Else Iren hadde i fjor eit opplegg med forteljing og dramatisering av juleevangeliet. Eg sa ja til å vera medhjelpar, og saman hadde me to eit litt enklare opplegg som me fann oss til rette med.



Det er kjekt å oppleve dei ulike barna som vil vera med for å ta rollane som englar, gjetarar eller vismenn. Dei andre barna og personalet var publikum som fylgde godt med.

Tekst: Eldbjørg Mjanger
Foto: Hildegunn Jåstad

GODE VIKARPRESTAR FRAMOVER

Medan me ventar på å få ny fast sokneprest i Masfjorden, får me god hjelp frå våre kollegaer i nord, og gode vikarprestar. Me er glade for at prosten vår Helge Taranrød både stiller opp sjølv, og set inn gode kollegaer til å hjelpe til i Masfjorden. Dei fleste er godt kjent i Masfjorden og mange her kjenner ein del av prestane frå før.

Knut Fr. Sørheim er nok den som er best kjent, etter alle åra han var sokneprest her i kommunen. Han er ein aktiv pensjonist, men tar seg likevel tid til å være vikarprest på gudstenester i både januar og februar. Og han har allereie døypt fire av årets dåpsborn.

Øystein Skauge, pensjonert prest og prost som bur i Knarvik er og ein aktiv vikarprest rundtom. Han skal ha fleire av besøka på sjukeheimen i vår saman med Boris, og har og hatt eit par gudstenester.

Bjørn Dalsgård Nygård jobbar i dag som prest på Radøy i tillegg til å gjere ferdig presteutdanninga si på menighetsfakultetet. Frå før er han utdanna kateket og har jobba i kyrkja som dette i mange år. Til sommaren blir han ferdig med presteutdanninga si, og i samband med dette skal han i slutten av februar ha stiftspraksisen sin her i Masfjorden.

Stiftspraksis vil seie at han skal ha fem veker med vikarteneste som sokneprest ein plass. Me er glade for at denne plassen blir her i Masfjorden. Han har og lova å ha alle gudstenestene i påska.

Han skal vere her i ei aktiv tid i kyrkja vår, og eg håpar mange tar turen på gudstenestene for å dele fellesskapet og la Bjørn få møte Masfjordingane. Dersom me ønskjer oss ny prest i framtida, må me og støtte opp om arrangementa i kyrkja.

Bjørn Magne Hansen er til dagleg sokneprest i Solund. Men han er godt kjent i Masfjorden då han og har vore prest her ei stund.

Det er Bjørn Magne som skal ha alle konfirmasjons-gudstenestene i vår. Og konfirmantane får møte både han



Prost Helge Taranrød hadde gudstenestene på julaftan. Her frå Solheim kyrkje

og Gulen presten Håkon Kinsarvik på leir i februar.

I gravferder er det prosten som tildeler oss ledig prest, og ved dødsfall kontaktar de enten kyrkjeverja direkte eller via gravferdsbyrå.

Det er og andre stillingar som er viktige for arbeidet i kyrkja, og du finn meir informasjon om ledige stillingar på nettsida vår **masfjorden.kyrkja.no**.

Ta gjerne kontakt med kyrjekontoret om du kan bidra med noko.

Tekst og foto: Eli Eidsnes, kyrkjeverje

JULEDAG



Julegudstenesta i Sandnes kyrkje 1. juledag er ein tradisjon med lange røter, og har i mange år vore ein fin samlingstad i julehøgtida. Også i år fann mange vegen til kyrkja – over 120 personar deltok på julegudstenesta.

Denne dagen samlar ein òg alle som har høve, frå dei to korpsa Sandnes Skulemusikk og Fjon Musikklag, til å spela vakker julemusikk både til salmane og til kyrkjekaffien. Ekstra hyggeleg er det når utflytta bygdefolk tek med instrumenta heim til jul for å vere med og skape den gode, tradisjonelle julestemninga. I år bestod det elles vesle bygdekorpsset av rundt 30 musikantar – ein flott gjeng som fylte kyrkjerommet med kraft og varme.

Mange av dei frammøtte gav uttrykk for at gudstenesta minna om slik 1. juledag var før i tida, med stort frammøte og eit fint mangfald av både kjende og nye fjes.

Musikantflokket frå korpsa i Masfjorden gledde oss med musikk i samspel med organist Boris Kuprijanov. Vikarpresten denne dagen var Øystein Skaug, som opphavleg kjem frå rett over fjorden, ikkje langt frå Sævråsvåg. Han er no pensjonist og busett i Knarvik, og har bak seg ei lang og rik presteteneste frå fleire stader i landet.

Tekst: Siri og Lillian Andvik

Foto øverst Mary Hope, t.v.: Bodhild Andvik

LYSGLIMT

I ungdomsåra mine i Volda lærte eg fjellet å kjenne. Sunnmørsfjella er vakre og bratte. Skiturar med sol frå blå himmel, blank fjord og innbydande snøforhold. Magisk. Gå jamt og hardt opp, ete appelsina på toppen og renne så fort som mogleg ned att. Det var oppskrifta i kameratflokk. Å verte verande var utenkeleg.

«Seks dagar etter tok Jesus med seg Peter, Jakob og Johannes og førte dei opp på eit høgt fjell, der dei var åleine. Då vart han forvandla for auga deira, og kleda hans vart så skinande kvite at ingen som bleikjer klede her på jorda, kan få dei så kvite. Elia synte seg for dei saman med Moses, og dei snakka med Jesus. Då tok Peter til orde og sa til Jesus: «Rabbi, det er godt at vi er her. Lat oss byggja tre hytter, ei til deg, ei til Moses og ei til Elia.»
Markus kap.9

Eg smiler litt når eg les om Peter sin fjelltur i lag med Jesus og eit par vener: Her var det flott – her må vi bygge hytte!, seier han begeistra til Jesus. Og ikkje berre ei hytte, men 3! Eit Hall of Fame der oppe på fjellet. Ei hytte til Moses, Elia og Jesus. Det hadde vore noko!

Og medan Peter entusiastisk legg ut om sin gode ide, så fortel Markus vidare, at det skjedde det som kan skje i fjellet: At det kom ei sky å la ein skugge over dei – veldig raskt. Peter og dei andre venene til Jesus vart redde. Og det vart kanskje ikkje betre av at dei brått høyrde ei høg røyst: **«Dette er Son min, den utvalde, høyr han! Men best dei såg seg omkring, såg dei ingen annan enn Jesus; berre han var hos dei.»**

Kraftig kost å ta inn for at Peter og venene skulle skjønne det enkle at det er nok å halde augene på Jesus! Dei gamle heltane Moses og Elia, som viste seg på fjellet var no ikkje der lenger. Ingen andre heller. Ikkje ein gong Gud Faderen. Berre Jesus.

Det enkle er ofte det beste. Den allmektige Gud gjer seg tilgjengeleg for menneska gjennom Jesus. Det er frigjerande, det gjer det enklare å tru. Å tru er å rette blikket mot Jesus. Ingen annan.



Nokre gongar på ski i fjellet har tåka kome. Då kan eg kjenne på den ugne følelsen av å vere litt usikker og litt redd. Alt går i grått og kvitt. Konturane i terrenget vert borte. Tåka heng tungt over landskapet, og tettast igjen for sikt.

Særleg ein gong kan eg hugse. Då var eg den som var kjentmann i gruppa, og måtte finne vegen. Men det var nesten null sikt. Uroa breidde seg i gruppa, og vi var usikre på vegen tilbake til hytta. Så – brått – kom det ei sprekke i skylaget, sola kom til syne, og landskapet opna seg. Vi kjente oss igjen, vi fann retninga. Like fort som sprekka i skylaget kom. Like fort var den borte. Som ei gardin som vart trekt til side, og så tilbake igjen. Men no var alt forklart, vi visste å finne vegen. Eit glimt var nok. Vi kom oss trygt ned igjen.

Jesus tok med seg venene sine ned igjen frå fjellet. Han ville ikkje at dei skulle verte verande der oppe. For dei levde liva sine nede i dalen, i kvardagen. Ingen av oss lever liva våre i eit Hall of Fame oppe på ein topp.

Ein lærdom for livet: Eit glimt er nok. Lysglimtene vi får i livet skal vi ta godt vare på. Dei gjev håp når vi har det vanskeleg, og gjev oss kraft til å gå vidare. Slik er det også med trua. Jesus viser seg i glimt. Vi ville ikkje tole hans forklarande lys heile tida. Vi ville ikkje tole Gud Faderen i fullt mon. Men, eit glimt er meir enn nok. Og eit lysglimt kjem gjerne då vi minst ventar det.

Helge Taranrød, prost i Nordhordland

MIN SALME

Når eg tenkjer på "min salme", fell det naturleg å velja ein julesalme sidan det nett har vore jul. Då vart det **"Det hev ei rosa sprunge"**.


Dette er ein salme eg har høyrte omtrent kvar jul i over 60 år, og den har alltid vore ein del av julefeiringa mi. I år fekk me høyra Brekke mannskor syngja den på julekonserten i Sandnes kyrkje. Det var ei fin oppleving og kjekt å høyre deira versjon av salmen.

Det hev ei rosa sprunge har alltid vore ein song som får fram fine minne hjå meg, både frå konsertar og øvingar i mannscoret med Terje Rasdal og Frank Kvinge i spissen. Den gongen song eg basstemma. Eg prøver framleis å leita etter basstemma når eg høyrer den i radioen, med varierende resultat.

Eit av dei fine minna med salmen, er kanskje då eg og tre av barna mine framførte den 1. juledag i Sandnes Kyrkje, for nokre år sidan.

Salmen står i Norsk Salmebok frå 2013, på nummer 33.

Gunnar Andvik



1. *Det hev ei rose sprunge
ut av ei rot så grann.
Som fedrane hev sunge:
Av Isais rot ho rann,
og var ein blome blid
midt i den kalde vinter
ved mørke midnattstid.*

2. *Om denne rosa eine
er sagt Jesajas ord.
Maria møy, den reine,
bar rosa til vår jord.
Og Herrens miskunns makt
det store under gjorde
som var i spådom sagt.*

3. *Guds rose ljuvleg angar
og skin i jordlivs natt.
Når hennar ljøs oss fangar,
ho vert vår beste skatt.
Me syng i englelag:
No er det fødd ein Frelsar,
og natti vart til dag.*

SOKNERÅDSPRATEN MED SVEIN ATLE NÆSS

Eg er nett godt i gang med arbeidsdagen når Svein Atle ringer meg og seier han er klar for «soknerådspraten» han hadde lova meg til Masfjordingen. Så her er det berre å svinga seg rundt og finne fram spørsmåla eg har sendt han.

Svein Atle Næss (49) er varamedlem i soknerådet, og er flink å stille på kort varsel så sant jobben ikkje hindrar han. Å stille på kort varsel er han nok van med frå jobben sin som ambulansearbeidar i Helse Bergen, med base på Austrheim og Knarvik. Etter å ha jobba med dette i 26 år er han kjent over alt i Nordhordland, og har opplevd mykje av både godt og vondt. Han fortel at ingen dag er lik, og at han stortrivest i jobben sin.

Når Svein Atle ikkje er i ambulansen er han sauebonde på Molland, ein fantastisk plass i følge han. Der har han villsau og ein snill lama. Å ta ein tur på fjellet for å sjå etter sauene er reine terapien, synest han. Han er oppvaksen på denne garden, og no bur han her med kona si Siv Helene. Far til tre på 22 og 19 år, og «attpåskatten» på 9 år. I dag er det skulefri, så då skal dei to ta seg ein tur på isen, får eg vite. Vidare fortel han om eine sonen som har gått på Sygna vgs. Der har han fått mykje bra lærdom med seg, og Næss tilrår også andre å gå på denne flotte skulen.

Når han ikkje jobbar med sauer eller sjuketransport, er det godt å setje seg i bubilen og reise land og strand rundt. Han er spesielt glad i å ta turar i Sogn, der er det masse flotte plassar, ja den finaste delen av Norge, meiner Svein Atle.

Soknerådet

Og innimellom dette finn han tid til å stille som vara i soknerådet. Sjølv om han ikkje må stille i alle møta, fortel han at han alltid held seg oppdatert og les alle sakspapira. Og dette blir kyrkjeverja sjølv sagt glad for å høyre. Og då er me over på eit av dei faste spørsmåla i soknerådspraten;

-Kva er motivasjonen din for å vere med i soknerådet?

-I mi barnetru blei eg fortalt at alt ordnar seg om ein berre var ein god kristen. Men gjennom mitt vaksne liv har eg opplevd at det ikkje er så enkelt. Eg har mista mange fine menneske rundt meg og møtt folk i



vanskelege situasjonar gjennom jobben min. Me opplever stadig uro i verda med krig i mellom anna Gaza og Ukraina. Verda er urettferdig, og då kjenner eg på tvil. Eg trur det er fleire som har det slik, svarar Svein Atle. Og sjølv om eg ikkje ser meg sjølv som utøvande kristen, meiner eg kyrkja må kunna ta imot alle menneske, uansett kor «religiøs» ein kjenner seg. Og her er det eg kjem inn! Eg trur at mine synspunkt, mi tru og mi stemme er viktig i kyrkja sitt arbeid her i Masfjorden.

Kyrkja

-Kva betyr kyrkja for deg, og kva tenkjer du om kyrkja sin plass i lokalsamfunnet vårt?

-Kyrkja er eit flott samlingspunkt, der feira me storhendingar som dåp, konfirmasjon og bryllaup. Og for folk som har det vanskeleg er det viktig at kyrkja har ei ope dør, slik at det blir ein god plass for dei som slit.

-Kva synest du kyrkja i Masfjorden bør satse på framover?

-Det er alltid viktig å satse på dei unge. Men me må ha tilbod til alle. Barn og unge må få kjenne seg trygge i kyrkja og dei må få gode opplevingar. Og så må me satse på friluftsgudstenestene!

-Har du eit godt møte eller minne frå kyrkja som du vil fortelje om?

-Ja, då må eg fortelje om konfirmasjonsgudstenesta eg var på i Eivindvik i fjor. Presten hadde ei fornuftig

preik med gode visdomsord til ungdommane. Han snakka om ansvar, ærlegdom og mellom anna korleis ein burde vere. Han brukte humor og fekk med seg heile forsamlinga. Det er første gong eg har vore med å tatt «bølgja» i kyrkja!

-Kva salme syng du helst i kyrkja?

-Eg er kjent for å syngje «Kjærlighet frå Gud» overalt, ler Svein Atle. Den syng eg på tur i fjellet og viss eg skal halde «konsert» for mine stakkast kollegaer. Heile familien smiler når den kjem i kyrkja, for songen frå meg blir verken stilfull eller fin, men eg syng med. Det er nok Gunnvor Fyllingsnes sin «feil» at eg kan denne songen. Eg kunne ikkje så mange salmar i ungdomen,

så denne meinte ho eg måtte lære meg. Og det gjorde eg.

Innimellom dei faste spørsmåla får me prata om både påverknad frå besteforeldre som var kristne, samfunnet i dag med altfor mykje banning, og nokre tankar om tvil og tru. Og etter samtalen er me nok litt betre kjent, og begge takkar for ein fin prat. Og kyrkjevevja tenkjer også denne gongen at det er fint å ha gode folk i soknerådet, som tør å seia si mening, og som er gode representant for kyrkja i Masfjorden.

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje. Foto: privat

RÅDET FOR PSYKISK HELSE

Kvart halvår vert det laga nye offerlister i kyrkjene i Masfjorden. Eg sit i soknerådet og vart saman med andre utfordra til dette arbeidet for 1.halvår 2026.

Mange søker om å få ta del i offergåvene. Samstundes skal me verna om vårt eige barne- og ungdomsarbeid, faste avtalar som er gjort og ikkje minst arbeidet ved Fjon fjellkyrkje.

Blant offermottakarane dette halvåret var Rådet for psykisk helse. Det fanga mi interesse.

Me har alle ei psykisk helse, på linje med den fysiske helsa. Psykisk helse er kort sagt tankar og følelsar som fungerer i kvardagen, i oss sjølve og med kvarandre. Dette kan variera gjennom livet.

Etter å ha jobba mange år i skulen har eg sett ei vond utvikling med tanke på psykisk helse. Korleis kan me hjelpa, gje gode råd og få orden på tankar og følelsar slik at kvardagen blir ok? Spørsmål som kan vera vanskeleg å finna gode svar på. Ingenting er så vondt som å sjå eit ungt menneske streva med dette.

Men dette er heller ikkje noko som berre møter unge menneske. Det kan råka oss alle på eitt eller anna tidspunkt i livet. Difor er det viktig å få gje vårt bidrag i form av ei offergåve, slik at me styrkar arbeidet og kunnskapen om psykisk helse.

Tekst: Liv Øydis Trædal



Rådet for psykisk helse

Rådet for psykisk helse jobber for et samfunn som bidrar til god psykisk helse for alle.

<https://psykiskhelse.no/>



FASTEAKSJONEN 2026

HÅP I EIN DRÅPE VATN

Norske kyrkjelydar sin innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gir livsviktig støtte til menneske som treng det. For Tsion og Gaba har livet endra seg: Landsbyen deira har fått tilgang til reint, rennande vatn.

Tsion (12) og Gaba (13) smiler breitt medan klart vatn fossar ut av krana ved vassposten ved elveleiet. Det går raskt å fylle kannar, og ikkje minst: Vatnet er reint.

Nyleg endra alt seg for familiane her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har bidrege til reint vatn her. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kvart år bidreg til dette arbeidet.

Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen. Det tok lang tid, og dei fekk lite vatn. Sidan vatnet var ureint, vart mange ofte sjuke. Jentene rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervisning.

Kirkens Nødhjelp har skaffa vatn her saman med den lokale partnaren Action for Development (AFD).

Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost.

– Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Elles i året er det tørt på overflata i elveleiet. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stanser vatnet her, fortel Gedewon Teka, vassekspert ved Kirkens Nødhjelps landkontor i Etiopia.

Ved demninga spreier vatnet seg i alle retningar under jordoverflata. Vatnet blir filtrert inn i ein brønn like ved, gjennom sand og jord.

Ei handpumpe er montert på vassposten.

– Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden,



og vatnet blir klart. Dette er reint vatn. Og vatnet er tilgjengeleg heile året her no, seier Gedewon.

Tekst: Åsne Gullikstad, foto: Håvard Bjelland

I Masfjorden er det konfirmantane som kjem rundt på dørene med bøsser.

Du kan gje gåva di med kontantar på bøssa, eller på vipps til 2426.

Ta vel imot dei som kjem rundt (22.-24.mars).

Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er:

- Noregs nest største bøsseaksjon etter TV-aksjonen. Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.
- Over 40 000 frivillige bøsseberarar frå om lag 1200 norske kyrkjelydar i heile landet.
- To veker før påske. Aksjonsdagane i 2026 er 22.–24. mars.
- Temaet er: Håp i ein drope vatn
- I 2025 blei det samla inn om lag 36 millionar kroner.

Etiopia

- Kirkens Nødhjelp har vore til stades i Etiopia sidan 1974.
- Plassering: Aust-Afrika, på «Afrikas horn».
- Innbyggjarar: 132 millionar.
- Hovudstad: Addis Abeba.
- Religionar: Etiopisk-ortodoks kristendom, protestantisk kristendom, islam, lokale religionar.

SONGKVELD

På Solheim er songkveld etter kvart godt innarbeidd. Men no er det Sandnes sin tur.

Onsdag 18.februar kl.19:00 blir det songkveld i Sandnes kyrkje.

På fritida er kyrkjevevja dirigent for Knarvik Gospel, som er eit kor for vaksne som øver i Knarvik kyrkje annankvar veke. Her syng me både gospel og litt andre songar. Denne onsdagskvelden er eg så heldig å få koret med meg til Masfjorden.

Når eg no skal førebu denne songkvelden, er det ikkje fritt for at eg mimrar litt og. For korinteressa mi starta i ungdomstida mi her i Masfjorden. Eg var med i Masfjorden ten-sing då eg gjekk på ungdomsskulen på Matre. Som 16-åring vart eg hybelbuar i Knarvik og då såg eg ein plakat om at dei skulle starte ungdomskor der. Eg vart med i det som vart ungdomskoret Ignis, og etter nokre år overtok eg som dirigent, ei oppgåve eg hadde i mange år. Etter kvart vart det og vaksenkor og eg fann tidleg ut at gospel låg mitt hjarta nærast. Difor synest eg det no er stas å få koret mitt til å bli med til arbeidsplassen min i Masfjorden. Og så håpar eg at det kjem mange folk og blir med, så dei ikkje føler dei har reist «forgjeves».

Gospelkoret vil framføre nokre av korsongane sine, men det vil og bli god tid til å syngje med på allsongane frå salmeboka. Om du er glad i å syngje, eller berre vil kome og høyre på, er du hjarteleg velkomen. Og ta gjerne med familie og vener!

Knarvik Gospel har med musikarane Roald Kleiveland på piano og Ivar Holsen på bass. Vår trufaste organist Boris Kuprijanov spelar piano/orgel slik han pleier på allsongane, men denne onsdagen får han og med Roald og Ivar på ein del av songane.



SONGKVELD
MED KNARVIK GOSPEL, DIRIGENT ELI EIDSNES

SANDNES KYRKJE 18.FEBRUAR KL. 19:00

Korsong. Allsong. Kveldsmat.
Kollekt til Kirkens SOS

DEN NORSKE KYRKJA
Masfjorden sokn

Roald er ein mann som spelar på fleire instrument, så de skal ikkje sjå vekk frå at de får høyre både saksofon og kanskje trekkspel?

Kvelden blir avslutta med kveldsmat og tid til ein prat. Arrangementet er gratis. Håpar å sjå deg på songkveld!

Tekst: Eli Eidsnes, kyrkjevevje

FOLKESONGAREN

I mars 2025 var eg i Knarvik kyrkje på støtte-konserten for Ukraina. Ein av aktørane eg la særleg merke var Linda Røyseth Sandhåland. Heilt åleine utan musikk framførte ho ein folkesong med si fyldige og mjuke stemme. Eg tenkte: Denne dama vil eg ha eit intervju med, og tok kontakt. Me gjorde avtale om å møtast på helsehuset i Knarvik, der ho arbeider i dag.

Linda er folkemusikar frå Meland. Heilt frå ho var ung har ho markert seg ved å formidla folketoneskatten frå Nordhordland. Dei siste åra har ho saman med andre gjort eit storarbeid med å laga den digitale Barnesangboka, og å reisa rundt til skular og barnehagar med å læra frå seg songane i boka. Boka inneheld folkesongar frå regionen vår. Det siste året har ho vore i vinden med konsertar og innspeling av Draumkvedet, ein av dei mest kjende middelalderballadane våre.

Men vegen fram til i dag har ikkje berre vore enkel. Oppvekst

-Fortel litt om deg sjølv.

-Eg er fødd og oppvaksen på Skurtveit på Rossland, i gamle Meland kommune, og har i vaksen alder busett meg på garden eg er i frå. Der bur eg med mannen min og dottera Gunnhild på 16 år. Eg er født med beinskjørhet og har sete i rullestol det meste av livet mitt. Diagnosen fekk foreldra mine vita då eg var eitt og eit halvt år. Då hadde eg prøvd å reise meg og brekt beina fleire gonger. Legane sa at babyar ikkje kunne brekka bein, men det gjorde no eg. Eg prøvde å trena litt i oppveksten, men det enda alltid i beinbrot. Sidan eg var ti år gammal har eg sete permanent i rullestol. I dag er det heldigvis annan type behandling og betre medisiner for beinskjørhet. Dottera mi har òg medfødt beinskjørhet. Eg har òg ei søster som er fem år eldre enn meg. Ho var god å ha som sjåfør for meg i ungdomstida.

-Korleis starta du med song?

-Det er ei litt morosam historie! Det heile er ganske tilfeldig. Eg var 12 år og ville begynna på musikkskulen. Naboenta som var like gammal som meg spelte tverrfløyte. Sidan ho spelte tverrfløyte valde eg òg det. Eg hadde og lyst å synga. Så viste

det seg at det året vart det likevel ikkje tverrfløyte- undervisning. Kulturskule- rektoren ringte då og sa at dei skulle ha ei songgruppe. Så då vart det til at eg fekk songundervisning med Kjersti Wiik. Eg er frå ein song- og musikkglad familie.

Både mor, far og søster mi spelte i korps. Korps var ikkje så praktisk for meg i rullestol. Ikkje var eg så interessert heller. Dotter mi har forresten spelt i korps til tross for at ho sit i rullestol.



Interesse for norske folkesongar

-Songlæraren min Kjersti Wiik fekk i 1995 eit spørsmål om ho kunne samla inn folkesongar frå området her omkring. Ho hadde allereie då funne ein del, og begynt å samla inn songar ho kunne bruka. Kjersti lærte songane vidare til meg og dei andre i kulturskulen. Me vart etterkvart ei gruppe som begynte å delta på kappleik og konkurransar i folkemusikk i ulike aldersgrupper. I 1996 då eg var 15 år, vann eg min klasse! Eg song ei vise av Sverre Kallekleiv, ein religiøs folketone som heiter «Herre, jeg har handlet ille» Etter det vart det mykje skriving i avisa og me vart spurt om å delta på veldig mange ulike arrangement. På alle arrangement og konkurransar hadde me bunaden på. Mor strauk bunadskjorta mi opptil fire gonger i løpet av ei veke! Eg hadde forresten spesialsydd bunad tilpassa meg, sidan eg sat i rullestolen. Tanta mi sydde bunaden. Me fekk etterkvart mykje anerkjenning, vart populære og deltok på svært mykje, også i Masfjorden, på ein midnattskonsert.

Arkivering og kveding

-Dette heldt eg på med i heile ungdomstida. På vidaregåande hadde eg lyst til å arbeida på laboratorium, og gjekk difor på kjemi-prosess. Eg hadde ikkje tenkt på å halda fram med song som yrkesveg, men fekk sommarjobb hjå Kjersti. Der

hørde eg på alle opptak ho hadde gjort av folkesongar. Eg skreiv ned songane, kven dei var lært av, og systematiserte materialet. Alt skulle på arkiv i Bergen, på Arne Bjørndals samlingar. Eg hørde på kassetar og redigerte. Spolte fram og tilbake, og gjorde opptak. Eg fekk høyra alt! Det var veldig kjekt! Då eg var russ hadde me kveldskurs for å læra kveding. Kveding inneheld mykje trillar og litt ande skalatypar enn det som er vanleg. Ein syng og på konsonantar, ikkje vokalar. Det er ein litt annan måte å synga på.

Motgang som lærling

-Korleis har det vore å ta utdanning i forhold til det å sitja i rullestol, og kva utdanning og titlar har du?

-Eg tok laboratoriefag på yrkesskulen. Då eg skulle ut i lære, vart det heilt umogleg med rullestol. Det var ikkje tilrettelagt. Eg skulle eigentleg til Barentshavet med Havforskningsinstituttet. Eg meinte eg kunne ha med assistent, men det gjekk ikkje. Dette var i 1998. Eg hadde søkt mange lærlingplassar, men eg var den einaste som ikkje fekk. Det vart eit sjokk eigentleg. Når eg møtte opp for intervju vart eg møtt med stress og bortforklaringar. Bedriftene var usikre på betaling for assistenten min. Og dei var usikre på korleis tryggleiken inne på laboratoriet var. Desse haldningane hadde eg ikkje forventa. Dei var nok redde både for at eg skulle få kjemikaliar på meg, men også for evakuering av meg i rullestol ved ei eventuell ulykke på eit laboratorium. Det var også nokon som sa at det var vanskeleg med fysisk tilrettelegging, t.d. måtte dei skaffa eigna arbeidsbord, det var ikkje tilgang for rullestol til lager der ein oppbevarte kjemikaliar. I tillegg var dei nok usikre på kva eg faktisk greidde på eiga hand, men dei let meg aldri verken visa eller fortelja om det. I staden hørde eg som regel ingenting meir frå dei, og andre frå klassen min vart kalla inn til intervju og fekk læreplassen.

Eg var først overraska og lei meg over å verta møtt på denne måten, og visste nok ikkje heilt å svara for meg når eg var så ung. Ofte var jo svaret også stillhet, og då er det jo ikkje så lett å imøtegå fordommane dei hadde og barrierane dei såg. Etterkvart snudde mismotet seg til pågangsmot. Eg deltok i ei undersøking ved Norges handikapforbund som viste at eg slett ikkje var aleine om å oppleva å verta forbigått, og eg

heldt mellom anna innlegg om dette på ein konferanse. At eg ikkje fekk læreplass, opna også muligheten til å gå vidare med songen og musikken. Det hadde eg kanskje inst inne mest lyst til også i utgangspunktet, men eg våga ikkje å satse på det då det kan vera vanskeleg å leva av.

I dag tenkjer eg at denne opplevinga har gjort meg sterkare som person, og eg fann ein ny og kanskje meir riktig veg etterpå. Eg er difor glad for at ting vart som det vart, sjølv om det der og då var trasig å oppleva.

Folkemusikkstudiar på Rauland og Voss

-Valet vart Høgskulen i Telemark, som ligg i Rauland i Vinje. Då var eg 19 år. Eg køyrde opp til sertifikat i tilrettelagt bil, og fekk tilsett BPA-assistent (Brukarstyrt Personleg Assistent). Der studerte eg folkemusikk i to år. Deretter studerte eg to år med utøvande folkesong på Ole Bull-akademiet på Voss. Kjersti Wiik var hovudlærer. Timane med Kjersti var tilrettelagt heime hjå henne i samarbeid med Ole Bull-akademiet. Etterpå tok eg Mastergrad i Etnomusikologi, der eg studerte folkemusikk i samfunnet. Eg brukte Odd Norstoga som referanse, 2004 -2006. Eg hadde lyst å bli musikk lærar, og tok difor deretter eit år med PPU, praktisk pedagogisk utdanning i utøvande musikk. Då eg var ferdig starta eg å jobba litt. Mellom anna i Meland kulturskule. For meg var det vanskeleg å spela piano og dirigering var ikkje min ting, då eg likar best å synga sjølv. Som musikk lærar vart det difor litt lite å gjera.

Arbeidsliv

-Kva jobbar du med no?

-Ein dag såg eg ein film om ein syngande logoped. Oi, dette kan ein jobba med, tenkte eg! Eg vart inspirert og tok då master i logopedi, mest grunna songstemmebruk. No arbeider eg med alle aspekt av språkvanskar. Eg har ei 30 % stilling som logoped. I tillegg har eg eige foretak med synginga.

Barnesangbok og Draumkvedet

-Korleis starta arbeidet med den digitale Barnesangboka?

-Det var koronatid og verda stod stille. Kjersti fann ut at det var mogeleg å søka midlar til «Korleis kan flest mogleg bli kjent med folkemusikken?» Då fann me ut at ei digital barnesangbok kunne bidra til at barn

og foreldre kunne bli kjent med sin kulturarv gjennom dette. Tanken er at alle skal kunne bruke boka gratis. Boka inneheld tekst, notar og innspeling av kvar song. Boka er utgitt og er gratis for alle, og du finn den under Strilakultur.no/barnesangboka.

-Korleis er det å laga musikk med Bjørn Schille?

-Eg vart kjent med Bjørn då eg jobba med innspeling av songane i Barnesangboka. Han spelar gitar på songane som er i boka. Då boka var ferdig reiste me på turné til skular og klassar rundt om. Så ville Leif Johnsen på Galleri Rustica på Holmeknappen ha ei framføring av Draumekvedet. Draumkvedet er ein middelalderballade som varer i omlag 25 minutt! Han ville ha ei utstilling med bilete frå Draumkvedet av kunstnaren Håvard Giesendanner, og at eg og Bjørn skulle framføra balladen. Bjørn spelar ein spesiell gitar - hybridgitar. Med den kan han laga lydar og klangar som understrekar tekst og melodi. Teksten er dramatisk. Ein mann, Olav Åsteson, la seg ned julaftan, og vaknar ikkje før 13. dagen. Då fortel han at han har hatt ein draum. I draumen har han vore på ei ferd gjennom dødsriket, over Gjallarbrui og vidare gjennom både himmel og helvete. Etter oppvakninga rir han til kyrkja og fortel om det han har sett: Løn for gode gjerningar, straff for det vonde og synet av domedag, skildra over 52 vers. -Bjørn fargelegg og lagar lydeffektar for å lage bilete og stemningar. Mange likte det. Me skulle berre ha ein konsert, men pågangen var så stor at det vart ein konsert til same dagen! Me fekk spørsmål om me ikkje skulle gje ut musikken, og det enda i innspeling sist sommar i Meieriet kulturhus på Frekhaug.

- Kva folkeviser har du lært av masfjordingar?

- Eg har lært mange songar etter Ola R. Midtbø. I si tid fekk Ola besøk av innsamlaren Arne Bjørndal. Han gjorde opptak og skreiv ned visene, både tekst og melodi, og songane er no ein del Arne Bjørndal samling ved Universitetet i Bergen. I nyare tid har Kjersti Wiik samla inn viser etter mellom anna Johanna Duesund og Ingeborg Mjanger.

Det har vore ein utruleg fin samtale med Linda. Og ho song for meg undervegs i intervjuet. Tenk alt ho får til! Eg er heilt imponert. Kanskje me ser både ho og Bjørn Schille på ei scene i Masfjorden seinare dette året. De kan gleda dykk!

Tekst: Jo Ronald Mjanger, foto: Anita Lihaug



**Dar gjekk dampen,
men her kjem vi!**

Nordhordland musikkteater inviterer til
eit streiftog i natur og landskap i Nordhordland,
og til eit møte med folk som bur der.

Desse er med :

	Anveig Solberg	
	Kjersti Møllerup Wiik	
	Trent Bruner	
	Rune Garmann	
	Håvard Giesendanner	
	Bjørn Tore Henriksen	
	Jon Martin Skauge	
	Tore Vabø	
	Espen Vågstøl	

**Velkomen til framsyninga i
Nordbygda samfunnshus
11. februar kl. 19:00**

Billettpris: Kr.350 (born u. 16 år gratis)

Vi takkar for økonomisk støtte frå :  Sparebanken Nordhordland  Masfjorden kommune  Nordhordland musikkteater



**FJELLTRIMFEST
2026**

**SØNDAG 1. MARS KL. 16.00
PÅ FJON GREND AHUS**

INNHALD:

- ✓ Premiering av sommarpostane og vinterpostane
- ✓ Åresal
- ✓ Kaffi og kaker

Me tek gjerne imot gevinstar til åresalet!

Velkommen!

UNGDOMSLØFTET

I SANDNES SKULEMUSIKK:

BESØK FRÅ NMF GAV NYTTIGE INNSPEL

Før jul meldte Sandnes skulemusikk seg på Ungdomsløftet – ei satsing frå Norges Musikkorps Forbund (NMF) som har som mål å behalda fleire ungdommar i alderen 13 til 19 år i skulekorpsa. Tiltaket skal styrke trivsel, meistring og medverknad i korpskvardagen.

Under øvinga 26. januar fekk korpset besøk av Gunhild, korpsutviklar i NMF - som kom for å bli betre kjend med musikantane, korpsmiljøet, dirigent og styret. Sidan Sandnes skulemusikk og Nordbygda skulekorps for tida har eit etablert korpsamarbeid, fekk Gunhild møte både musikantar og styremedlemmar frå begge korpsa.

Gunnhild rapporterte først og fremst om eit godt miljø. Ingen sat aleine i pausen og ho opplevde musikantar som kjende seg trygge og hadde det kjekt saman. Gunhild roste dirigent for godt fagleg arbeid, god kontakt med musikantane og ein trygg og tydeleg leiarskap. Instruktørane fekk òg velfortent skryt for å vere synleg og til stades i heile korpset – ikkje minst som støttespelar for slagverkarane.

Samarbeidet med Fjon Musikklag vart trekt fram som eit stort pluss, og Gunhild oppmoda til å vidareføre slike fellesprosjekt jamleg. Ho kom òg med framlegg til praktiske løysingar og faglege råd, som å sikre tilstrekkeleg med oppgåver for slagverkarane – kanskje også eit eige slagverkinnslag.

I møtet med styret understreka Gunhild kor viktig det er å involvere ungdommane meir i korpset sin kvardag. Ho oppmoda oss til å setje av tid til å snakke om korleis øvingane fungerer, og til å spørje ungdommane kva dei trivst med – og kva dei ønskjer annleis. Ho nemnde òg at enkel foreldreinvolvering, som til dømes ein felles kaffikopp under øvinga ein gong i månaden, kan vere eit positivt tiltak for å styrke fellesskapet.

Neste besøk frå Gunhild er føreslått til 16. mars, me ser fram til å vidare samarbeid og utvikling.

Tekst og foto: Åshild Skuggedal



**KORPSTONAR OG
bandrytmar**
– ein kveld full av hits!!



Måndag 16. februar kl. 18.30,
i gymsalen på Sandnes skule
Kafé og lotteri

Sandnes skulemusikk, Nordbygda skulekorps og Fjon musikklag
Jon Martin Skauge, Jørn Skauge,
Åsmund Kvinge og Arild Haugsvær
Velkomne!

LÆRERIKT OG KJEKT PÅ BOK- OG STRIKKEKAFÉ

I ei årrekke har kulturskuleelevar hatt minikonsertar når deltakarane på bok- og strikkekaféen på Nordbygda skule har møttest ein gong i månaden. Dette er ein viktig øvingsarena for dei unge elevane. Å lære seg å opptre kjem ikkje av seg sjølv, og difor er det fint at elevane kan få boltra seg i ei trygg ramme slik som her.

Denne tysdagen var det trioan Emma Kristin, Leander, Isac og lærar Jon Martin som sto for underhaldninga. Det vart ei fin stund på biblioteket.

Tekst: Frank Kvinge

Foto: Annett Schattauer



MANNEDAGEN 2025

Etter at damene i Masfjorden Høgre har gjennomført to vellukka arrangement i samband med Kvinnedagen, så kunne ikkje herrane i partiet vera noko dårlegare.

Det blei difor arrangert Mannedag 22. november på Snikkarbua Kafé og Pub, tre dagar etter den internasjonale Mannsdagen 19. november. Målet for kvelden var å skapa ein møteplass der ein kunne setja fokus på menn sin livssituasjon og helse. Innhaldet for kvelden var litt fokus på alvorlege tema, men størst fokus på humor og trivsel. Sjølv om billettsalet gjekk litt trått i starten, var det til slutt nærare 80 menn og kvinner som deltok.

I første del av kvelden var det berre mannfolka som fekk vera tilhøyrarar. Der stilte tidlegare kommuneoverlege Rolf Martin Tande og noverande kommunale fysioterapeut Sveinung Hope som foredragshaldarar. Kort oppsummering av deira budskap er at:

- Menn kan bli flinkare til å gå legen.
- Still opp for dei rundt deg
- Finn ein aktivitet du likar.

All aktivitet er helsefremjande.

Vidare serverte damene i Masfjorden Høgre hjortegryte med godt tilbehør. Så var det loddsal med premiar som var godt eigna for menn.

Kvelden blei avslutta med underhaldning av det hyggelege slaget. Her var det rom for at også damene fekk vera med. Først ut var show med Bjørn Jensen og Klabbetrynet. Med humor som kanskje for nokon var litt utfor kanten, stod latteren høgt i taket i lokalet. Siste punkt i programmet var at duoen i Yesterday's News spelte opp til dans og serverte slagerar som fekk det til å rykka i dansefoten, også dei mest urytmiske sjelene i lokalet.

Arrangørane er særst nøgd med kvelden og kan slå fast at måla me sette oss vart innfridd. Då vil berre tida visa om mannfolka får sin eigen dag i Masfjorden også i 2026.

Mannfolka i Masfjorden Høgre
v/Vebjørn Haugsdal

LANDSSKYTTARSTEMNET INNANDØRS PÅ LILLEHAMMER

Frå 14. til 18. januar vart Landsskyttarstemnet arrangert innandørs på Lillehammer. Nyborg skyttarlag, som held til i Gulen kommune, stilte med 11 deltakarar. Tre av desse er busette i Masfjorden. Skyttarane skaut gjennom heile laurdagen, og det vart levert mange sterke resultat.

Nyborg skyttarlag stilte mellom anna med fire deltakarar i nybegynnar ung (NU), som alle deltok på Landskyttarstemnet innandørs for første gong: Synne Kjelle vold med 240 (6*), Håvard Kjelle vold med 240 (3*), Ronja Amalie Andersen-Saglien med 246 (6*) og Frida Furebotn Reknes med 237 (4*).

I ER-klassen (eldre rekrutt) skaut Ann-Celin Kvingedal Eide 245 (14*), og med 50 poeng på Ola Five fekk ho både gjenstand og medalje.

I klasse 1 skaut Aina Furebotn 238 (3*) og 48 poeng på Ola Five, noko som gav medalje. Anne Lise Tepstad Kvingedal skaut 247 (16*), tok seg til finale og fekk 49 poeng på Ola Five. Det resulterte i både gjenstand og medalje.

I KIK-klassa (kikkertklassen) skaut Cato Eide 242 (9*) og 50 poeng på Ola Five, og fekk medalje.
I V65-klassen (veteranklassen for skyttarar frå 65 – 72 år) skaut Jørgen Virkesdal 244 (11*).

I klasse 2 skaut Ole Kristian Krossvoll 239 (7*) og 48 poeng på Ola Five, noko som gav medalje.
I klasse 3 skaut Kristoffer Kjelle vold 236 (3*) og 50 poeng på Ola Five, og fekk både medalje og gjenstand.

Etter at skytinga var ferdig laurdag, samla deltakarane seg på ei hytte der nokre av dei budde, og avslutta dagen med felles middag.


Søndag var det lagskyting, der Ann-Celin Kvingedal Eide skaut 99 (4*), Ole Kristian Krossvoll 94 (3*) og Kristoffer Kjelle vold 95 (2*).

Anne Lise Tepstad Kvingedal deltok også i finalen i klasse 1. Dette er hennar første år i denne klassen, etter tidlegare å ha skote i SK1 (frå 16 år som skyt med finkaliber), der det ikkje er finale. Ho låg på 13. plass etter innleiande skyting, men leverte ein sterk finale med 100 (2*) og klatra til ein sjetteplass.

Nokre av skyttarane deltok også på randstemne før Landskyttarsetemnet. Der vann Anne Lise Tepstad Kvingedal klasse 1 med 346 (17*) på Fåberg.

* =innertiar

Tekst: Anne Lise Tepstad Kvingedal



Oppe: T.v.: Cato Eide, Jørgen Virkesdal, Ann Celin Kvingedal Eide, Anne Lise Tepstad Kvingedal Foto: Kristoffer Kjelle vold.

T.h.: Ronja Amalie Andersen-Saglien og Frida Furebotn Reknes. Foto: Aina Furebotn.

Nede: T.v.: Synne Kjelle vold og Håvard Kjelle vold. Foto: Kristoffer Kjelle vold. T.h.: Skytekort frå finaleskytinga til Anne Lise T. K.

SKØYTEGLEDE PÅ GLATTISEN



Kong Vinter sette sitt preg på slutten av fjoråret og starten på det nye gjennom heile januar og vel så det. Isen la seg på tjødner, vatn og våg, og snart kunne store og små finna fram skøyteene og ta isen i bruk. Det er ikkje kvart år dette let seg gjera, så skulane var raske med å organisera skøytedagar i det fine og kalde vinterveret.

Ein av dagane tidleg i januar aula det med skøyteløparar på Heimsta Tjødne på Nordkvingo. Mange av dei aller yngste hadde knapt hatt skøyter på seg før, men læringskurva hadde vore bratt, og på imponerende vis manøvrerte dei seg rundt på isen, berre etter nokre få dagar med skøyter på beina. Andre var tydeleg ustødige og fekk god støtte, både fysisk og psykisk, av venner eller bruskassar som dei skubba framfor seg. Dei vaksne hadde kosta støv av skøyter i ulik kvalitet, frå gode, gamle, men kalde Ballangrud, til moderne klappskøyter, og av gamle skøytekunstar. Stilen og farten var det ingenting å seia på, men så var det dette med kondisjon og muskelstyrke, då. Dei aller eldste sto over skøytegåing, men mimra i staden om gamledagar og dei kalde

vintrane på seksti- og syttitalet då dei laga skøytebane på Kvingdalsvatnet, med internasjonale mål, og arrangerte fleire skøyteløpskonkurransar. Det kunne nesten verka som om den legendariske 10 000-meteren ein gong på sekstitalet, med 25 rundar rundt den 400 meter lange bana, framleis sat i beina.

Fleire prøvde seg på isfiske, men ørreten var fråverande og ikkje interessert i å bita på kroken. Feil agn? Lars Monsen hadde nok tilrådd maggot eller sprellande meitemark.

Ut på dagen vart det tid for ishockeykamp mellom dei unge og dei vaksne. Både innsatsen og idrettsgleda var stor, og det passa også heilt perfekt at kampen enda uavgjort.

Inne ved land var det god fyr på bålpannene og innimellom slaga på isen var det godt med ein skøytetepause til fordel for grilla pølser med tilbehør, bollar, kakao og kjeks.



Foto frå venstre: 1. Stotlte skøyteløparar. Yurii og Veronika frå Ukraina. 2. Sebastian tok like godt matpausen i farta. 3. Tolmodige fiskarar

For ein dag! For ein fin måte å nytta søndagen på! Og for ein fin måte å vera saman på! Fleire slike dagar seier me ja takk til!

Tekst og foto: Frank Kvinge

TURGLEDE



Nede ved fjorden er det for det meste bart og stiane har frose til slik at det er lett å ta seg fram. Nokre stader er det is-svullar som veks i det kalde veret, så ver obs! Dagsturhytta er eit populært turmål og særleg i helgene er det ein jamn straum av turgåarar som set kursen mot hytta. Godt kledde, med fyr i

bålpanna, pølser til grilling, nybakte bollar og kakao på termosene, og med lek og moro både for store og små kosar denne gjengen seg skikkeleg.

Tekst og foto: Frank Kvinge

FLOTTE SKILØYPER I STORDALEN



Skitrekking har framleis (pr. 10.02) for lite snø til å opna. Men på anleggsvegen langs Krokevatnet mot Stølsvatnet er det køyrd opp flotte løyper til bortoverski. Det er Gunnar Trædal som med tråkkemaskina har lagt så fint til rette. Denne dagen er det mange som har teke turen ut i

løypene og det fine vinterveret. Etterpå er det fint å ta ein tur innom fjellstova som har ope laurdagar og søndagar kl.12-17 fram til vinterferien, og vekedagar på forespørsel. Her er det servering av mat og drikke. Og du kan overnatta her.

Tekst og foto: Frank Kvinge

KOM DEG UT DAGEN 1. FEBRUAR

Kvar vinter arrangerer Nordhordland turlag Kom deg ut-dagen. I år var eitt av arrangementa lagt til Dagsturhytta. Dei som hadde teke oppmodinga om å koma seg ut i skikkeleg kaldt vinterver vart møtt av båløyk, for her var det fyrte opp både i hytteomnen, i bålpanna og i bål ytst på neset. I tillegg til kakao, saft, vatn pølser og brød stilte turlaget med mengdevis av herlege fiskekaker som vart gjort serveringsklare på steikeplata etter kvart som turgjestane kom innom.

Jane Britt fortalde meg litt om Kom deg ut-dagen:

-Dette er heile Noreg sin turdag. Mange går på eiga hand og man-

ge stikk innom der DNT har laga til samlingar. Dagsturhytta Fjordblikk ligg nydeleg til og dei fleste kjem seg fram her. Det er utruleg kjekt å møte positive folk, små og store, ute på tur. Dei som kom innom i dag fekk varm drikke, steikte, heimelaga fiskekaker og grilla pølser. Og det var triveleg prat sjølv om vinden var kald. Takk til alle dei som kom innom, og takk til dei som hjelpa til.

Sjølv vil eg takka turlaget med Jane Britt og Kjell Ove i spissen for det flotte arrangementet, og at dei skaper ein så god møteplass som Kom deg ut-dagen er, for alle.

Tekst: Jo Ronald Mjanger,

Foto: Frank Kvinge



LYSFEST I TUNNEL

Som ei markering for ønsket om lys i Haugsdals-tunnelane bar bygdefolket ei hundre meter lang lyslenke med seg inn i Trysdaltunnelen.

Det var FAU ved Matre skule som saman med Matre bygdelag tok initiativ til markeringa. Lys i tunnelane mellom Haugsdalen og Matre har vore eit ønske i årevis, og for dei som sykklar og går mellom dei to bygdene vil det ha stor betydning. Vegen vert ofte nytta til trening, og er slik ideell sidan det er lite biltrafikk. I tillegg er det barn og unge i Haugsdalen som sykklar innover mot fotballtrening og bading.

Ordførar Erlend Kvamsdal var med på lysfesten, og meiner det er eit flott initiativ.

- Kommunen arbeider kontinuerleg med å vera ein trafikksikker kommune, og her får ein satt fokus på at mange tunnelar i distrikta framleis er mørklagde.



Ordføraren fortel at kommunen har ein jobb som pådrivar, men at ansvaret ligg hos Vestland fylke, som er eigar av vegen.

Fint var det då at fylkespolitikar Trude Brosvik var med på markeringa. Ho sit i samferdsleutvalet i Vestland fylke, og har slik påverknadskraft inn dit det trengs.

Markeringa vart i alle høve ei fin stund for dei frammøtte. Bygdelaget serverte pølser og varm drikke, og det vart lyst og flott inne i Trysdaltunnelen. Så gjenstår det å sjå då, om lysfesten i ein mørk tunnel kan bli meir enn berre ein lys ide?

Tekst og foto: Sigrun Haugsdal Reknes



UKM-WORKSHOP MED OLE PETTER KNARVIK

To laurdager i januar har dansefantomet Ole Petter hatt dansekurs for ungdom i Gulen og Masfjorden. Kurset har vore på Nordbygda samfunnshus.

Kurset hare hatt fokus på hiphop og breakdance. Det vart to dagar med rytme, bevegelsar og mykje moro. Og så var det kjekt å møtast over kommunegrensene.

Tekst og foto: Kristin Kvamme Rasch



TUR TIL BRYGGEN I BERGEN



Nordbygda skule er ein Unesco-skule. Det vil blant anna sei at det vert jobba spesielt med FN sine bærekraftsmål, fredsarbeid, kulturarv og menneskerettar.

I 1979 fekk Bryggen i Bergen plass på UNESCO si verdensarvliste. I haust inviterte FN-samban det skuleklassar på 5.-7.trinn til eit gratis undervisningsopplegg på Bryggen.

I november reiste elevane på mellomtrinnet på vår skule med buss til Bergen for å vere med på dette opplegget. Gjennom oppgåver både ute og inne

fekk me bli betre kjende med verdensarvområdet. Elevane vart delt i tre grupper, der ei gruppe fekk høyre om Bryggen si historie, ei gruppe lærde meir om kva FN jobbar med og ei gruppe skulle gjennomføre ein natursti rundt på Bryggen. Alle gruppene var innom dei tre stasjonane.

Me fekk også tid til ein runde rundt Lille Lungården, og ein kjapp tur innom julemarkedet på Festplassen. Og sjølvsagt måtte det bli ei matstund med pizza på Egon.

Tekst og foto: Gerd Ingunn Ynnesdal, Nordbygda skule

SØKNADSFRIST FOR NY SFO- OG BARNEHAGEPlass

Det nærmar seg frist for søknad om ny SFO- og barnehageplass.

Fristen er 1. mars.

Det same gjeld dersom du vil gjera endringar i eksisterande plass.

Du må bruke Visma Flyt Barnehage når du søker plass i barnehagen.

For SFO-plass må du søkje gjennom Visma Flyt Skole.



UNGE MASFJORDINGAR PÅ UKM

Siste laurdagen i januar var ungdommar frå heile Nordhordland samla til UKM i storstova på Leiknes. Festivalen er styrt av ungdommar og det er dei som legg til rette for alle ungdommane som underheld med musikk eller dans frå scena eller deltek på kunstutstillinga. Det vart eit heilproft arrangement.

Dei unge masfjordingane boltra seg verkeleg på scena. Lars Manfred Nordland Kvinge Tvedt deltok på slagverk i fleire band og fekk publikum til å måpa av alt det virtuose han gjorde på trommesettet undervegs. Imponerende!

Tirill Sleire-Gjerde framførte saman med veninna Silje Erstad «Love is an open door», ein låt der dei både song og snakka til kvarandre undervegs.

Embla Olivia Dyrkollbotn-Brown var på scena to gonger, først med ein sjølvskriven låt der ho akkompagnerte seg sjølv, deretter med fullt band i ryggen på låten «Fresh out of air».

Sofie Ekren deltok og med to innslag. I første forestilling framføret ho og Sanna Kvinge balladen «A million dreams» med nydeleg tostemt song. I den andre forestillinga slo ho til med The Pointed Sisters sin friske superhit «I'm so excited»

Nokre av deltakarane vil bli valt ut til å representera Nordhordland i på fylkesfestivalen i Førde i slutten av april, og er dei ekstra heldige så kan dei få oppleve det Lars Manfred fekk i fjor; å bli sendt vidare til Landsfestivalen i sommar.

Gratulerer til Masfjord-ungdommane for alt det flotte dei deltok og bidrog med på regionsmønstringa. Neste år set me oss som mål å dubla deltakarlista frå Masfjorden.



Desse vert sendt vidare frå UKM Nordhordland til fylkesfestivalen 2026:

Embla Ovidia Dyrkolbotn-Brown (14 år)
på gitar og vokal med songen The only soul.

Lars Manfred Nordland Kvinge Tvedt (17 år)
på slagverk med songen Question.

Tirill Sleire-Gjerde (18 år)
på vokal med sjølvskriven song Too soon to know.

Tekst og foto: Frank Kvinge

NO KAN DU SØKA OM SLETING AV KR. 25 000 AV STUDIELÅNET

Har du vore i jobb dei siste 12 månadene, og budd i Masfjorden kommune?
Då kan du søkja om å få sletta 25.000 av studielånet ditt.



Dette er ei ordning som Regjeringa har sett av pengar til frå 2026, og som omfattar alle som bur i det som er rekna som ein mindre sentral kommune (klasse 5 eller 6 på sentralitetsindeksen). Ein må både ha vore folkeregistrert i ein slik kommune, og faktisk budd der.

I tillegg er det krav om at du har vore yrkesaktiv, anten i bukommunen din eller andre stader.

Du må ha jobba i minst 50 prosent stilling, men samstundes er det nok om du har hatt fulltidsarbeid i minst seks månader av oppteningstida, og vore registrert arbeidssøklar hjå Nav i dei andre seks månadene av oppteningsåret.

Omsorg for barn fødte i 2016 eller seinare, eller særleg tyngande omsorgsplikter i næraste familie, er og godkjent som arbeid. Du kan ha vore sjukemeldt i oppteningsperioden, det er også godkjent som arbeid.

Oppteningstida for denne ordninga starta 1. januar 2025.

For å få nytte av oppteningstida må ein søkja innan tre månader etter at dei 12 månadene du søker på grunnlag av, har passert.

Så dersom du var kvalifisert frå 1. januar 2025, må du søkja innan utgangen av mars 2026 for å få fullt utbytte. Du leverer søknaden på Lånekassen si nettside.

Om du er kvalifisert men ikkje søker om sletting av studielån, går du glipp av denne ordninga. Det skjer ikkje noko sletting av lån automatisk.

Det er Statens Lånekasse for utdanning som administrerer denne ordninga.

RABATT PÅ STRØTOMTER I MASFJORDEN

Dersom du nyttar deg av dette tilbodet kan du få halvparten av det tomte er verdt, i egenkapital.

Kommunestyret vedtok i møte 11. desember å selje strøtomter i eldre bustadfelt med rabatt på 50% av takst. Rabatt på desse tomtene vil vera avgrensa til utgangen av 2029.

Dei aktuelle tomtne ligg i desse bustadfeltene:

- Duesundøy
- Stokkevika
- Solheimsneset
- Skolten.



KURS I SØKNADSSKRIVING

Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane arrangerte kurs i søknadsskriving på Vidsyn 28.januar.

Her fekk lag og organisasjonar ein god gjennomgang på korleis ein skriv ein god søknad.

Det var veldig kjekt å sjå så mange engasjerte deltakarar frå Masfjorden og Gulen.

Nokre viktige element som Sparebankstiftinga hadde eit ekstra fokus på var:

- God forankring i tiltaket ein søker midlar til. Dette for å sikre eit godt og varig tiltak.
- At Sparebankstiftinga legg stor vekt på skildringa av tiltaket. Det vil seie ei kort forklaring på kva som skal gjerast, kvifor og korleis.
- Budsjett. Det er viktig å få fram ein god oversikt over utgifter og eventuelle inntekter.

Går ein inn på : www.sparebankstiftinga.no og sparebankstiftinga Sogn og Fjordane vil ein finne ulike gåveordningar.

Når ein kjem inn på dei ulike søknadane vil det stå val av kommune. Her kjem ikkje Masfjorden opp som eit forslag, men det er spelt inn ønske om at Masfjorden kjem inn som eit forslag i menyen.

Inntil vidare nyttar ein Gulen kommune som forslag. Nede på søknadsida står det «Andre merknadar».

Her kan ein skrive inn at ein søker for ein organisasjon i Masfjorden.

Håpar mange lag og organisasjonar vil nytte seg av denne tilskotsordninga.

Tekst: Kristin Kvamme Rasch

KLASSETURAR I MASFJORDEN KOMMUNE

Kommunestyret har i møte 11.12.2025 vedteke nye prinsipp og retningslinjer for klasseseturar i Masfjorden kommune.

1. Skuleturen i 10.klasse vert organisert i samarbeid mellom skulen, elevar og føresette. Som hovudregel bør skuleturen vere ein fellestur for alle skulane, men det er ikkje eit krav.

Dersom alle skulane reiser i lag, er det oppvekst- leiar som har ansvar for bestilling. Organiseringa vert gjort i samarbeid med rektorar, kontaktlærarar, foreldrekontaktar og elevrepresentantar frå alle skulane.

Dersom skulen reiser for seg sjølv, er det kontaktlærar som har ansvar for bestillinga, og organiseringa vert gjort i eit samarbeid med kontaktlærar, føresette og elevane.

2. Skuleturen kan gå både innanlands og til utlandet. Innsamla midlar og tidsbruk til førebuing og gjennomføring set rammene for turen. Skuleturen skal organiserast etter haustferien, og elles tilpassast slik at den ikkje kjem i konflikt med store prøvar og eksamen.

Turen skal vare i maksimalt 5 dagar med overnatting.

3. Kontaktlærar er med på turen, og skulen syter for at det er forsvarleg bemanning på turen. Kommunen dekkar alle lønns- og reisekonstandar til lærar som vert med. Det same gjeld for assistentar, dersom der er elevar som har vedtak om eigen assistent.

4. Kommunen dekkar reisekostnader med inntil kr 4 000,- pr. elev. Denne summen skal følgje prisvekst.

Skulen søker tilskotsordninga Tilskudd til skoleturer for ungdom hjå UIDR, dersom det faglege opplegget på skuleturen er innanfor krava til ordninga. Skulen har og ansvar for rapportering.

Dersom det vert organisert felles tur for alle skulane, søker og rapporterer oppvekstleiar på dette.

5. Turen skal organiserast slik at alle elevane skal kunne delta. Alle turar i regi av skulen må oppfattast som obligatoriske. Elevar som likevel av gyldige grunnar ikkje kan delta på tur, skal følgje eit opplæringstilbod ved sin eigen skule i den perioden klasseseturen varer.

6. Gjeldande kommunale skuleregjar gjeld også under skuleturar.

SKOGKURS LAURDAG 21.02.2026



Masfjorden landbrukskontor inviterer i samarbeid med Skogkurs-instruktør Rolf Erling Loe, til kurs i Norsk PEFC skogstandard.

Kurset vert på kommunehuset laurdag 21.02.2026 kl.10.00 -16.00

Prisen er: Kr. 2670,- pr. deltakar

Det blir enkel servering.

Føremålet med kurset er å gje deg som skogeigarar kunnskap om Norsk PEFC Skogstandard med kravpunkter og kravpunktas praktiske betydning for forvaltning og drift av eigen skogeiendom.

Det er no eit krav om at eigenaktive skogeigarar må ha dette kurset for å få levert virket gjennom tømmeroppkjøparar som har sertifiseringskrav eks. Nortømmer og AT Skog eller no F.

Kurset kan takst på nett (sjå link under), men på kurset her går me gjennom nettkurset og besvare oppgåver i fellesskap.

<https://skogkurs.no/fagartikler/nettkurs-norsk-pefc-skogstandard/>

Alle skogeigarar har skogsaldo, og dei som har positiv saldo kan nytta den til å dekkja delar eller heile kursavgifta.

Meld interesse for kurset, helst innan 10.02.2026 så me veit om lag tal deltakarar. Sjølve påmeldinga kan du ta heilt til kursstart 21.02.2026

Påmelding eller spørsmål kan gjerast pr. e-post eller telefon til:

Epost: ottar.myrtveit@masfjorden.kommune.no
eller tlf: 56 16 62 72/924 14 316



LATTER OG SMIL PÅ SIRKUS

Her om dagen fekk Masfjorden sjukeheim og Nordbygda skule storfint sirkusbesøk.

Sjølvaste sirkusdirektøren frå Cirkus Agora Jan Ketil Smørdal og klovnen Professor Bluffalo serverte eit festleg sirkusshow for både unge og eldre.

Det var mykje smil og latter å sjå, av klovnen Professor Bluffalo sine mislukka tryllenummer som til slutt ikkje alltid var så mislukka likevel, og over den overdrivne operasjonen til klovnen. Publikum let seg imponera over sirkusdirektøren si sjonglering og ikkje minst over glansnummeret der han med foten sender og balanserer ein etter ein asjett og kopp opp på hovudet sitt. Heile seks asjettar og koppar sto stabla på pannebrasken då sirkusdirektøren som finale fekk sendt ei teskei opp i den øvste koppen. Fantastisk!

På sjukeheimen gav både bebuarar og tilsette uttrykk for at dette hadde vore ei verkeleg flott stund, der latter og smil hadde fått regjera.

På skulen sto stemninga i taket då klovnen «kommuniserte» med elevane, og alt det lærarane dagleg prøver å læra elevane om å rekka opp handa, venta på tur og ikkje ropa var fullstendig gløymd. Ja, ja! Alt var vel eigentleg slik det skal vera på eit sirkus!

Takk til Cirkus Agora for at de kom hit til Masfjorden.

Til våren legg sirkuset ut på vegen igjen, og går alt etter planen kan ein besøkja sirkuset både i Bergen, Knarvik og PÅ MATRE. Det er berre å skaffa seg billetter!

Tekst og foto: Frank Kvinge



INFOSKJERM OG APP

Som eit inkluderingsiltak har kommunen satsa stort på Infoskjermen. Skjermen finn du på butikkane på Hosteland og Kvingo. Appen finn du der du hentar appane dine.

Det er kjøpt inn skjerm som skal henge på Haugsvær, men her ventar me med montering av skjermen grunna arbeidet med omsorgsbustadane og aktivitetssenteret der.

På skjermene kan du sjå plakatar for arrangement og aktivitetar som skjer i kommunen vår. Det kan vera alt frå ungdomsklubb, seniortreff og kino, til konsertar og opningstider for bassenget på Matre. I tillegg vil me dele aktuell informasjon frå kommunen, som nyhende, kunngjeringar og beredskapsmeldingar.

Tilgang via app

Infoskjermen kjem også med ein app

-Infoskjermen Go.

Om du lastar ned denne appen på mobiltelefonen din vil du få tilgang på mykje av det same innhaldet som vert vist på skjermene.

For å legge til Masfjorden kommune må du scanne QR-koden over, eller skriva inn koden: **STOLT**



Ungdomskanalen

I appen kan me laga ulike kanalar. Du må ha i Infoskjermen Go-appen for å kunne laste ned ulike kanalar.

Me har allereie laga ein kanal for ungdom, med tilpassa innhald for deg som er ung i Masfjorden. Det kan hende det kjem fleire kanalar etterkvart, når me ser kva behovet er. Du kan trykke på lenka over, eller scanne QR-koden under for å få hente inn ungdomskanalen. Du kan og bruka koden: **UNGDOM**



Merk at du må laste ned "hovud-appen" for å få tilgang til ungdomskanalen.

Inkluderingsiltak

Bakgrunnen til skjermene er at me stadig får innspel på at laga og organisasjonar ønsker hjelp til å synleggjera arrangementa sine. Me ser på dette som eit inkluderingsiltak, der me lagar alternative måtar å hente informasjon på.

Me er heilt avhengige av eit godt samarbeid med lag og organisasjonar. Når de no skal ha eit arrangement treng de ikkje lenger henge opp plakat på oppslagstavla på dei aktuelle butikkane. Send heller plakaten til oss, så legg me den ut på Infoskjermen.

Treng du hjelp eller meir informasjon om Infoskjermen eller appen Infoskjermen Go? Ta kontakt!

Kristin Kvamme Rasch

kristin.kvamme.rasch@masfjordenkommune.no

Sigrun H. Reknes

Sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no

FOLKEVANDRING TIL FILMPREMIERE

Solheim grendahus og Bygdekinoen inviterte til premiefest, og masfjordingane var ikkje seine å be. To fulle hus med til saman 250 selde billetter fekk med seg premieren på actionfilmen Kraken sist fredag.

Sjølv om handlinga i filmen er lagt til ei bygd ved Sognefjorden er delar av filmen spelt inn i Masfjorden, med Solheim grendahus som base og med masfjordingar på rulleteksten. Handlinga i filmen er om lag slik:

Når ei bygd i Sognefjorden vert ramma av mystiske hendingar, vert marinebiologen Johanne Berge sendt til bygda for å undersøkje. Rare naturfenomen, merkelege lydar frå djupet, og ei tragisk ulukke vekker mistanke om noko farleg som trugar fjorden. Medan Johanne kjempar mot både miljøødelegging og si eiga fortid må ho avsløre sanninga før skrekken frå djupet tek over.

I inngangen til Solheim grendahus er den raude løparen rulla ut for høvet, og forventningsfulle publikummarar vert på stilfullt vis møtt med bobler, fruktspyd og fingermat, servert av den driftige gjengen i grendahusstyret. Klokka seks er salen fylt opp til første framsyning, og ein og ein halv time seinare er det heile over. Ordføraren helsar, overrekkjer blomebukett til styreleiar og takkar for ein førsteklasses fest i det som no snart kan kallast Masfjorden sitt svar på Hollywood, med innspelinga og premiefesten av Birk og Magna for nokre år sidan friskt i minnet.

På vegen ut vert ein møtt av ein vegg av publikummarar som er på veg inn til neste framsyning. Det blir stappfull sal då og, og etterpå vert sjåarane invitert til premierepub.

Likte publikum filmen? Var det skummelt? Kjende dei igjen stader der filmen gjekk føre seg?

Uansett svar: Takk til gjengen i Solheim grendahus for ein prima premiefest! Og var du ein av dei som ikkje fekk med deg premieren kjem filmen på bygdekinoen eller i byen seinare i vinter.

Tekst og foto: Jo Ronald Mjanger og Frank Kvinge



BORGARLEG VIGSLE

28.12.2025:

Rita Kathrine Reknes og Frode Molland



DØDSFALL

31.12.2025:

Ingebjørg Bosch Øvergaard



KONTAKTINFORMASJON



KYRKJA

Tlf. 56 16 62 61
e-post: post@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjevevje: Eli Eidsnes
Tlf.: 56 16 62 61/906 13 515
E-post kyrkjevevja@kyrkjaimasfjorden.no

Sekretær/kyrkjetenar Frøyset: Tetiana Puliaieva
Tlf. 56166269/925 15 855
E-post: tetiana.puliaieva@kyrkjaimasfjorden.no

Organist: Boris Kuprijanov
Tlf. 920 60 993
E-post: kuprbor@gmail.com

Konfirmantmedarbeidar:
Halvard Werner Gullaksen,
Tlf.: 902 14 307
E-post: halvard.werner.gullaksen@kyrkjaimasfjorden.no

Kyrkjegardsarbeidar: Remi Kallekleiv
Tlf. 941 43 716

www.masfjorden.kyrkja.no
Vipps Masfjorden sokn: 620513

FRIST FOR INNSENDING TIL MASFJORDINGEN

Bladet skal vera klart til utsending
10 dagar etter fristane:
17.03, 02.06

Notér datoen i årshjulet
for organisasjon din.

Få med både førehandsomtale
og del gjerne bilete og minneverdige
stunder frå hendinga i etterkant,
slik at folk i bygdene kan få
eit innblikk i det som skjer.

MASFJORDEN KOMMUNE

Telefon: 56 16 62 00
Epost: post@masfjorden.kommune.no

Post- og besøksadresse:
Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES
www.masfjorden.kommune.no

ARBEIDSGRUPPA FOR MASFJORDINGEN

sveinung.toft@masfjorden.kommune.no
frank.kvinge@masfjorden.kommune.no
mary.hope@masfjorden.kommune.no
sigrun.haugsdal.reknes@masfjorden.kommune.no
eli.eidsnes@kyrkjaimasfjorden.no
Formgjeving: Mary Hope

